



Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep.

0030 OSLO



GOL KOMMUNE

MELDING OM VEDTAK

Vår ref.
06/3179-5/LR

Arkivkode
C30 &13

Dykkar ref.

Dato
31.01.2007

EVALUERING AV DEN KULTURELLE SKULESEKKEN (DKS) -HØYRING

Utval for kultur og levkår behandla i møte 31.01.2007 sak 1/07. Det vart gjort slikt vedtak:

Utval for kultur og levkår vil gi slik uttale til evalueringsrapporten:

- Den kulturelle skulesekken er eit positivt tiltak som bidrar til større kunst- og kulturforståing og som gjer elevane i grunnskulen kjent med varierte kunst- og kulturuttrykk. Tiltaket må vidareførast og styrkast.
- Evalueringsrapporten er omfattande og grundig, og påpeikar problemstillingar som det er viktig å jobbe vidare med for å forbetre og utvikle Den kulturelle skulesekken. Problemstillingane som rapporten drøftar gjeld imidlertid for det meste aktørane på sentralt (KKD og KD) og regionalt (utdanningskontor og fylkeskommune) plan og har berre indirekte konsekvensar for arbeidet med Den kulturelle skulesekken på lokalt plan.

Ønskjelege forbetringspunkt på kommunenivå kan vera:

- Økonomi.
Buskerud fylkeskommune er svært synleg og aktiv overfor kommunane i arbeidet med Den kulturelle skulesekken. Ein stor del av dei statlege midlane blir fordelt til kommunane, som står fritt til å bruke midlane på tiltak som er forankra i lokal handlingsplan for Den kulturelle skulesekken. Etter vår meining er det ein rett strategi å styre ressursane mot dei som i størst grad skal tilrettelegge DKS-tiltak for elevane, nemleg kommunane, og vi er godt fornøgd med måten dette blir administrert på i Buskerud fylkeskommune. Kravet fylkeskommunen set til rapportering frå kommunane om bruken av midlane er derimot unødvendig rigid og byråkratisk, og kan med fordel forenklast.
- Administrative ressursar.
Arbeidet med DKS på lokalt plan medfører ingen ressurs frå dei statlege midlane til administrasjon. Dette er ein svakheit, sidan det på ulike nivå i kommunen blir brukt til dels betydelege personalressursar på arbeidet med Den kulturelle skulesekken. I varierende grad har skulane definert personalressursar til DKS. Dersom det blei opna opp for å kunne bruke ein viss del av dei statlege overføringane til administrasjon av DKS på lokalt plan,



ville det bidra til å auke samhandlinga og kvalitetssikre innhaldet i Den kulturelle skulesekken i kommunane.

- Fylkesmannens utdanningskontor.

Vi har i liten grad kjennskap til kommunikasjonslinene og samhandlinga mellom fylkeskommunens kulturavdeling og fylkesmannens utdanningskontor, men har registrert at utdanningskontoret, i motsetning til fylkeskommunen, er ein lite synleg aktør på lokalt plan. Eit synleg utdanningskontor på kommunalt nivå, i form av direkte kontakt med skulesektoren og som medarrangør av kurs og opplæring, vil bidra til ein sterkare forankring av Den kulturelle skulesekken i kommunane.

- Formidlingsformer.

Evalueringsrapporten drøftar måtar å formidle kunst og kultur på i Den kulturelle skulesekken. Monologisk formidling er ein presenterande formidlingsform med kunstnaren som avsendar og eleven som mottakar. Dialogisk formidling er å legge vekt på at elevane er med som aktive deltakarar.

Å nå fram til elevar i grunnskulen med kunst- og kulturuttrykk krev eit mangfald av formidlingsformer, der både den monologiske modellen og den dialogiske modellen inngår. For mange elevar vil deira fyrste møte med profesjonell kunst og kulturformidling vera i skulen, og i tillegg til den genuine opplevinga av ein konsert eller teaterforestilling, vil eleven også bli opplært i å vera publikum. Men gjennom Den kulturelle skulesekken skal eleven også tileigne seg innsikt, kompetanse og skaparglede innanfor ulike kunst- og kulturuttrykk og det må bli gitt ei opplæring som vektlegg kreative uttrykksformer og utfolding av eigne skapande evner. Medan den monologiske formidlingsmodellen hovudsakleg bør skje gjennom tilbod om produksjonar initiert av fylkeskommunen og andre sentrale instansar, vil det vera naturleg å utvikle dialogiske formidlingstilbod i dei enkelte regionane og den enkelte kommune i samarbeid med lokale kulturarbeidarar og lokale institusjonar. På statleg og fylkeskommunalt plan blir dei oppgåve å informere desse lokale kulturarbeidarane og institusjonane om Den kulturelle skulesekken og kva som blir forventa av dei i ei tilbydarrolle.

Med venleg helsing

Gol kommune


Tone Modalen

for

Liv Rosén

avdelingsleiar